

## **SKUP 2008 – 21**

Prosjekt:	Rådmannssaka , Stranda kommune
Medarbeider:	Sindre Omenås
Publikasjon:	Sunnmøringen
Publisert:	Høsten 2008
Medium:	Avis
Tema:	Forvaltning

## Rådmannssaka, Stranda kommune – metoderapport

Journalist: Sindre Omenås, Sunnmøringen.

Samletittel: Rådmannssaka

Tidsrom: Hausten 2008, med hovudvekt på vekene 39-42. Ikkje avslutta.

Redaksjon: Sunnmøringen, Postboks 24, 6201 Stranda. / [sindre.omenas@sunnmoringen.no](mailto:sindre.omenas@sunnmoringen.no)

TLF: 70261122

Mob: 92237631

### Hovudspørsmål:

### Kan ein ordførar på eige initiativ krevje at rådmannen går frå stillinga?

Lokalavisa Sunnmøringen, som kjem ut to gonger i veka og har ein redaksjon av to journalistar og ein redaktør, klarte å vere premissleverandør og sette dagsorden i "Rådmannssaka i Stranda". Denne saka utvikla seg i periodar raskt, samstundes med at politisk leiing og fungerande rådmann ønskja å handtere den som ein intern prosess og langt frå det offentlege rom.

"Rådmannssaka" fekk stor merksemd langt utover kommunegrensene, og fekk brei dekning av regionale mediehus og omtala i riksmidia.

### Grunnlag for saka

Langvarig konflikt mellom politisk leiing og administrasjonen.

- I eit intervju med Sunnmøringen, 21. mai 2008 uttalte ordførar Frank Sve at han ønskte å leggje "rådmannen under administrasjon", etter det som blei karakterisert som "feil på feil" og at "administrasjonen ikkje hadde kontroll over økonomiske disponeringar".
- I administrasjonen var det auka frustrasjon over tronge rammer, som går ut over lovpålagte oppgåver.

Kommunestyret gjorde 10. september 2008 eit vedtak (mot ei røyst) med kraftig kritikk til rådmannen, for "fleire alvorlege brot på føreskrifter i samband med rekneskapen og mangelfull budsjettrapport og kontroll".

### Sparkar rådmannen

25. september får Sunnmøringen friggitt eit brev frå hovudverneombodet i Stranda kommune, adressert til ordføraren og politisk leiing. Dette var først merka "unntatt offentleg" på postlista til kommunen".

Der uttrykker hovudverneombodet sterk uro for det "psykososiale arbeidsmiljøet" for einingsleiarane, som følgje av den spente situasjonen mellom administrasjon og politisk leiing. Samstundes var der ein kraftig kritikk av politisk leiing.

Då vi bad ordføraren kommentere kritikken frå hovudverneombodet, meinte Frank Sve (Frp) at dette var eit politisk åtak på fleirtalskonstellasjonen Frp, Høgre og Venstre. Desse partia fekk eit klart fleirtal ved siste kommunestyreval, der Frp fekk 48,8 prosent av røystene.

Ordføraren karakteriserer deler av administrasjonen for "blodraud" politisk, og meiner rådmannen burde ha stansa dette brevet.

Sunnmøringen stiller spørsmålet om ordføraren har tillit til rådmannen, med bakgrunn i utspelet få månader tidlegare. Ordføraren ville først ikkje kommentere dette, men tok kontakt med Sunnmøringen tidleg neste dag for å seie at han ikkje har tillit til rådmannen.

Svaret er "nei", og ordføraren seier han har politisk ryggdekning bak ein prosess for å fjerne rådmannen. Denne prosessen vil starte umiddelbart.

Oppslaget i Sunnmøringen 27. september, "Sparkar rådmannen", danna grunnlag for sitatsaker både regionalt og nasjonalt.

## Personalsak

Opposisjonen reagerte kraftig på utspelet frå ordføraren, og viste til at dette var ei personalsak og at politikarane hadde eit ansvar som arbeidsgjevarar.

Koalisjonspartia til ordføraren, Høgre og Venstre, tok også kraftig avstand frå handlinga til ordføraren og avviste på det sterkaste at dei hadde gitt politisk ryggdekning til dette utspelet.

Kvelden måndag 29. september blei det kalla inn til eit ekstraordinært formannskapsmøte, som blei lukka etter kommunelova § 31, som ein personalsak.

Dette blei også situasjonen etter møtet. Ordføraren informerte media om at dette var ein personalsak, som formannskapet ville føre vidare internt, utan å ville kommentere den vidare prosessen eller reaksjonane frå dei andre politikarane.

Dermed var "rådmannsaka" flytta inn i det lukka rom. Både den politiske opposisjonen og posisjonen var taus. Rådmannen blei meldt sjukemeldt denne måndagen, og administrasjonen var også taus.

Dermed stod vi i Sunnmøringen igjen med ingen opne aktørar som ønskte å bringe saka vidare, som er spesielt viktig for små redaksjonar som Sunnmøringen, med to journalistar og ein redaktør. Samstundes var det korrekt å flytte ei personalsak inn bak lukka dører, for å unngå ein offentleg polemikk om saker som går ut over personvernet.

Sunnmøringen gjer tre viktige val i etterkant av formannskapet, som gjer at vi framleis klarer å halde eit stort offentleg fokus på "rådmannsaka".

- Vi respekterer at arbeidsforholdet mellom rådmannen og Stranda kommune er ein personalsak.
- Vi vil ha svar på om ordføraren hadde politisk ryggdekning frå eige parti og koalisjonspartia, eller om han handla på eige initiativ.
- Uroa for det psykososiale arbeidsmiljøet til einingsleiarane, som blei fremja av hovudverneombodet, var ikkje avklart og ikkje ein del av personalsaka. Dette meinte vi politikarane og fungerande rådmann måtte ta stilling til, og at dette var av offentleg interesse.

## E-post

Politikarane i formannskapet tviheld derimot på at alt er "personalsak", og Sunnmøringen blir møtt med tystnad og "ingen kommentar". Om ordføraren vel å boikotte lokalavisa i denne perioden skal vere usagt, men realitetane var at han var utilgjengeleg for avisa i to veker.

Leiaren for Høgre, som er eit av koalisjonspartia til Frp og ordføraren, gjekk derimot kraftig ut mot handlingsmåten til ordføraren i Sunnmøringen to dagar etter formannskapet (1. oktober). Partifellen og medlem i formannskapet, Jostein Hole, heldt fast på at Høgre ikkje hadde gitt ryggdekning til å starte ein prosess for å avsette rådmannen. Det same gjorde Venstre.

Sunnmøringen vel å bruke tid og ressursar på å grave i denne saka i denne perioden, utan garanti for å få artiklar å fylle avisa med. Det kan vere kritisk for små redaksjonar. Men eg blir som journalist oppfordra til å ringe dei fleste nettverk, for å skaffe meg brei oversikt.

Så lenge vi blei møtt med "ingen kommentar", var det viktig å finne fram til dei gode spørsmåla som gav lesaren viktig informasjon sjølv om dei blei møtt med "ingen kommentar".

Onsdag 1. september fekk vi stadfesta at ordføraren hadde sendt ein e-post til rådmannen seint torsdag kveld. Dette var i tidsrommet mellom vår første samtale med ordføraren etter brevet frå hovudverneombodet og morgonen då ordføraren kontaktar Sunnmøringen for å fortelje at den politiske tilliten til rådmannen er borte.

Denne e-posten var ikkje journalført på postlista til kommunen.

Det var advokaten til rådmannen som il slutt kunne stadfeste at ordføraren hadde sendt ein e-post denne kvelden 22.50, der rådmannen kunne velje mellom å slutte friviljug eller få sparken. Kommuneadvokaten, som representerte ordføraren og politisk leiing, svarte at dette ikkje var eit offisielt brev, men "ei ytring frå ordføraren ein sein kveldstime". Kommuneadvokaten hevda også at dette ikkje var ei oppseiing.

Advokaten til rådmannen svarte at realitetane i e-posten var klare. Han sa ordføraren hadde vist til at han hadde politisk ryggdekning bak kravet om at rådmannen skulle bort, om dette blei ein sak for kommunestyret.

Dette stod i stor kontrast til uttalane frå Venstre og Høgre, som heile tida hevda at dei ikkje hadde gitt ryggdekning til ordføraren. Sjølv om ingen av politikarane ville kommentere dette, blei det tydeleg gjennom Sunnmøringen at éin eller to i koalisjonstrioen ikkje hadde fortalt sanninga.

E-posten blei også eit tema i kommunestyret 22. oktober.

Opposisjonen bad politikarane stille seg bak eit vedtak som tok avstand frå handlingane til ordføraren:

”Kommunestyret viser til oppslag i media om e-posten (25.09.08) til rådmannen frå ordføraren vedk. rådmannsstillinga. Kommunestyret tek med dette klar avstand frå ordføraren si handling.”

Venstre stilte seg bak dette forslaget. Høgre sikra derimot, saman med partiet til ordføraren (Frp) fleirtal (14 mot 11) mot forslaget.

Kommunestyret vedtok derimot:

1. Kommunestyret viser til breva kjent i media, som er sendt frå hovedverneombudet og frå einingsleiarane i Stranda kommune. Kommunestyret ber om at det både på politisk og administrativ nivå blir teke ein gjennomgang av kommunen sitt verdidokument og kommunen sine etiske retningslinjer.
2. Kommunestyret må vedta ein mediestrategi for å avklare form, innhald og ansvar for mediekontakt på vegne av kommunen.

## Arbeidsmiljø

Parallelt med den politiske dragkampen, heldt Sunnmøringen fokus på uroa for det psykososiale arbeidsmiljøet blant dei tilsette i kommunen. Dette var også ein prosess politisk leiing og fungerande rådmann ønskte å halde internt .

På direkte spørsmål om den vidare prosessen, tidleg etter at brevet frå hovudverneombudet blei gjort kjent, svarte fungerande rådmann at ”Det er ikkje noko vidare. Livet går vidare”. Samstundes fekk einingsleiarane klar melding om at utspel i media ikkje ville bli tolerert.

Samstundes var det klart at det var eit stort sinne og høg frustrasjon blant dei tilsette, som var retta mot dei folkevalde. Korleis dei folkevalde utfører sitt oppdrag som arbeidsgjevarar, er heilt klart eit spørsmål som er av offentleg interesse.

Sunnmøringen kunne dokumentere at konflikten mellom politisk leiing og administrasjonen var høgst reell, og at det var mange tilsette som meinte at ”livet ikkje gjekk vidare, utan at ein fekk problema ut i dagslyset”.

Sunnmøringen kunne 4. oktober presentere eit skriv til politisk leiing, signert 17 einingsleiarar. Der dei kritiserer handlemåte, språkbruk og udokumenterte påstandar frå politisk leiing i Stranda kommune.

I brevet står det: ” Dette ligg langt utanfor det ein kan forvente av kommunen sin øvste arbeidsgivarrepresentant”.

Einingsleiarane og ordføraren oppretta eit samarbeidsforum for å finne ei løysing på konflikten. Dette blei brote, etter at ordføraren stilte til intervju med Sunnmørsposten same dag som rådmannen formelt slutta i stillinga i Stranda kommune. Ordføraren gjentok store deler av den kritikken som var fremja mot rådmannen og einingsleiarar.

Dette førte til at konflikten mellom einingsleiarane var meir låst enn tidlegare, og fleire politikarar meinte denne saka svekka omdømet til Stranda kommune.

Fungerande rådmann presenterte 15. november ein veg mot "løysing av konflikten". I løpet av januar, februar 2009 vil partssamansett utval (Pau) starte ein gjennomgang av arbeidsmiljøet og samarbeidsforholdet i kommunen. Då vil dei også vurdere om det er naudsynt å hente inn ekstern ekspertise - for å "sikre at livet går vidare".

Dette er ein prosess som ikkje er avslutta.

## Frontalangrep på Sunnmøringen

"Rådmannssaka" fekk ei rekkje sidehistorier, både i vår avis og i regionale media. Størst fokus av desse parallellane, var ordføraren sitt angrep på Sunnmøringen frå talarstolen i kommunestyret 22. oktober.

Det var første gong ordføraren han kommenterte saka etter det lukka formannskapsmøtet 29. September, og var eit svar på ein interpellasjon frå SV.

Ordføraren gav uttrykk for at saka var oppkonstruert av Sunnmøringen, og at intervjuet 27. september var teke ut av sin kontekst. Ordføraren sa han vurderte å prøve Sunnmøringen for pressens faglege utval. Dermed var Sunnmøringen blitt ein aktør i saka, og Sunnmøringen sin redaktør skulda ordføraren for å kome med løgn frå talarstolen i kommunestyret. Ho viste til at ordføraren hadde lest og godkjent intervjuet som stod på trykk den 27. september.

NRK, Møre og Romsdal hadde fleire innslag på denne konflikten.

Vi oppfatta det slik at ordføraren og Framstegspartiet hadde eit stort behov for å dreie fokus bort frå spørsmålet om utøving av politisk makt og den rolla folkevalde har som arbeidsgjevarar og premissleverandørar til administrasjonen.

Innlegget til gruppeleiaren for Framstegspartiet viser tydeleg den temperatur, merksemd og offentleg interesse Sunnmøringen hadde skapt gjennom "Rådmannssaka".

Sunnmøringen 25. september:

- Gruppeleiar for Framstegspartiet, Fredmøy Wollen, hadde det mest engasjerte innlegget i debatten etter interpellasjonen, og sa at ho aldri var i tvil om at Frank Sve var feilsitert i Sunnmøringen.
  - Til det kjenner eg han Frank så alt for godt. Han hadde aldri gjort noko slik. I så fall hadde han klikka totalt, og det veit eg at han ikkje har gjort. Eg blir skremt når ting blir snudd på hovudet, teke ut av sin samanheng. Det er skuffande av Sunnmøringen, og blir hausa opp. Det er blitt vedteke at det er kome ein ny bibel på Stranda, og alle trur på det som står der. Men den bibelen er ikkje den rette bibelen, og heiter Sunnmøringen, og spreier så mykje feilinformasjon at eg er rysta.

For orden skuld – ordføraren har framleis ikkje testa dette for pressens faglege utval.

Politisk redaktør i Sunnmørsposten, Harald Kjølås, skreiv i etterkant av kommunestyret ein kronikk, der han stilte spørsmål om behovet for å "skyte på bodbringaren".

## Konsekvensar

- Rådmannen (Ole-Johann Lillestøl) og politisk leiing kom fram til eit forlik, der rådmannen sluttar i stillinga. Denne avtalen var først hemmeleg, men etter krav om innsyn frå Sunnmøringen og Sunnmørsposten, blei også den offentleg, og hadde ein verdi på rundt ein million kroner. Den viste at Lillestøl fekk rett til lønn, med ansiennitethopp, i 1,5 år. Lillestøl søkte, og fekk jobben, som ny rådmann i nabokommunen Sykkylven kort tid etter dette.
- Ein person melde seg ut av Framstegspartiet, og sit no som uavhengig utvalsleiar og kommunestyrerepresentant.
- Eit utval vil sjå på arbeidsforholda i Stranda kommune, og politikarane vil vurdere mediestrategi for kommunen.

Det hadde vore interessant å fått vurdert tilliten til politikarane i etterkant av "rådmannssaka". Det er diverre eit for stort økonomisk løft for ei lita lokalavis.

Det kan kanskje vere talande å vise til eit innslag i Lørdagsrevyen til NRK to dagar etter kommunestyret. Tilfellet ville at NRK skulle presentere ei undersøking av kva Frp-veljarane meinte om ulike saker. Reporter Anders Magnus valde Stranda kommune som ramme for reportasjen, med utgangspunkt i at halvparten av innbyggjarane røysta på Frp ved siste kommuneval. Han opplevde at det var langt vanskelegare i finne desse veljarane, og viste til "rådmannssaka" og "den tidlegare så populære ordføraren" som ein av grunnane til at så få ville stå fram som Frp-veljarar eitt år etter kommunevalet.

## Ressursar

Sunnmøringen valde å prioritere denne saka, og vi klarte å vere førstekjelde på store delar av utviklinga gjennom heile saka – sjølv om langt større mediehus fatta interesse for ho.

Dette er ei stor utfordring for små redaksjonar, og ei lokalavis som kjem ut to gonger i veka. Då er det vanskeleg å følgje ei sak som endra karakter fleire gonger om dagen i den mest hektiske perioden.

Eit døme var e-posten, som gjekk frå å vere "oppseiing" til "ytring" til "oppseiing i realiteten". Dette er ei utvikling som ofte hamnar inn i dei større media, som kan følgje saka kontinuerleg.

Sunnmøringen valde å prioritere nettutgåva i denne perioden, og klarte på den måten å vise utviklinga i saka time for time og dag for dag.

Det gjorde også sitt til at trykket på politikarane auka, og svaret og mantraet "ingen kommentar" fekk etter kvart større og større meining.

Rådmannssaka kunne blitt stansa etter formannskapet 29. september. Sunnmøringen vel å gamble på "ei tynn avis" i etterkant av dette, om det skulle vise seg at ordføraren og politisk leiing fekk vilja si om at dette var ein intern prosess som ikkje høyrde heime i det offentlege.

I staden fekk innbyggjarane i Stranda kommune innsyn i politiske prosessar blant dei folkevalde, og vurdere om ordføraren og koalisjonen brukte eller misbrukte makt for å kvitte seg med rådmannen. Dette blei ein sak som engasjerte langt ut over kommunegrensene, og mange kunne følgje eit stort engasjement på ulike blogger og chattegrupper, som til dømes på nettstaden til Sunnmørsposten.

Stranda 15. januar 2009

Sindre Omenås, Sunnmøringen